

Retningslinjer for viltfondet i Radøy kommune

1. Heimel

Retningslinjene har heimel i «Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort» fastsett av Klima- og miljødepartementet 15/5/2011. (FOR-2011-05-15-537)

2. Føremål

Føremålet med fondet er å skapa økonomisk bakgrunn for å fremja viltforvaltninga i Radøy kommune. Fondet skal brukast til å fremja ei forsvarleg og berekraftig viltforvaltning av vilt innanfor kommunen sitt ansvarsområde.

3. Definisjon

Radøy kommune sitt viltfond er eit bunde driftsfond som kommuene forvaltar innanfor rammene til forskrift «Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort». Disponering av fondet er Radøy kommune sitt ansvar . Fondsmidlane skal stå på renteberande konto og renter og inntekter skal tilførast fondet fortløpande.

4. Organisering og mynde

Viltfondet vert i Radøy kommune forvalta av det politiske organet som til ein kvar tid er ansvarleg for viltsaker i kommunen (f.t hovudutvalet for plan, landbruk og teknisk) jf. Radøy kommunes delegasjonsreglement. Utvalet kan delegere mynde til rådmannen.

5. Bruk av fondet

Fondsmidlane kan m.a. nyttas til:

- Tiltak for å fremja viltforvaltninga, styrkja kunnskapen om viltet, jaktorganisering, kunnskap om naturen og leveområda til viltet og det biologiske mangfaldet i kommunen.
- Utgifter til kommunen si handtering av fallvilt og ettersøk av skada vilt og naudsynt utstyr til dette føremålet.
- Tiltak til å førebyggja skade på landbruksnæring voldt av hjortevilt.
- Kjøp av varer og tenester vedkomande handsaming og analyse av innsamla data om viltet.
- Fortrinnsvis lokale tiltak.

6. Tildeling av midlar frå fondet og krav til søknad

- a) Renteavkasting og årlege inntekter gjev rammer for tildeling av tilskot. Det kan tildelast midlar frå viltfondet til lag, verksemnder, organisasjonar, institusjonar, kommunen og einkilde personar.
- b) Det skal gjerast kjent for ålmenta kvart år på hemesifda vår og/eller i lokalavis at ein kan søkje viltfondsmidler. Søknadene vert handsama 2 gonger om året.
- c) Tilskot vert gjeve på grunnlag av søknad. Ein søknad må innehalde:
 - Kva tiltaket går ut på
 - Kvifor ein søker om viltfondsmidler
 - Ein plan (tid) og kart (stad) for tiltaket
 - Kostnadsoverslag for tiltaket
- d) For forebygging av skade på landbruksnæring kan det gjevast inntil 50% tilskot.

- e) Utbetaling kan skje når tiltaket er gjennomført og skriftleg stadfesting på gjennomføringa føreligg frå søker. Frist for gjennomføring av tiltaket er normalt to år (tilsegnsåret + eit heilt kalenderår). Dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnaden for tilskotet, kan Radøy kommune kjevja tilskotet tilbakebetalt heilt eller delvis.
- f) Rådmann disponerer inntil 25.000 kr årleg av midlane til tiltak etter pkt 5, første og andre strekpunkt.

7. Andre tilhøve

Vedtak om tildeling av midlar frå viltfondet vert ikkje sett på som enkeltvedtak etter forvaltningslova kap. VI, men inngår som eit ledd i disponeringa av kommunale midlar. Vedtak kan såleis ikkje klagst på.

8. Iverksetjing

Retningslinjene trer i kraft straks dei er vedtatt av kommunestyret.